



Arkiv: FE-610, GBNR-46/82
JournalpostID: 26/38334
Saksbehandlar: Tore Nyhammer-Taklo
Dato: 17.08.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
26/106	Stad formannskap	03.09.2026
26/109	Stad kommunestyre	10.09.2026

Saksframlegg - Leigeavtale kommunal grunn til Eid småbåteigarlag

Bakgrunn for saka:

Det er mottatt søknad 16/4-2026 på leige av areal til gapahuk og møteplass på kommunalt friområde ved elveosen til Eidselva frå Eid småbåteigarlag på Nordfjordeid.

Leigeavtale for bruk av kommunal grunn til gapahuk og aktivitetsområde vert no lagt fram til politisk godkjenning og signering av ordførar.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner framlagt leigeavtale slik den ligg føre.
2. Kommunestyret gjev kommunedirektøren i oppgåve å følge opp avtalen.

Vedlegg i saka:

19.08.2026	Avtale - Underskriven av Eid småbåteigarlag	1877019
21.08.2026	Prosjekt Havgløtt - småbåthamna	1877842

Stad formannskap 03.09.2026:

Handsaming:


Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg som vart samrøystes vedteke.

F - 26/106 Vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner framlagt leigeavtale slik den ligg føre.
2. Kommunestyret gjev kommunedirektøren i oppgåve å følge opp avtalen.

Saksopplysningar:

På kartet under viser regulert friområdet ved elveosen og småbåthamna på Nordfjordeid.



Bilde under viser området som er søkt leigd til gapahuk og aktivitetsområde.



Bruken i dag er minimal og området er eit grønt friområde som driftast og stellast av kommunen. Det er etablert gangsti med fast dekke som går forbi området og bort til elva og vidare langs elva til

Osbrua. Tilkomsten er difor tilnærma universell. Vegen til området er ein grusveg.

Ved området er det i det seinare etablert ein bosstasjon for enkel og trygg handtering av Nomil på vegne av kommunen. Det er også sett opp ei tavle for informasjon til publikum i området og knytt til elva.

Vurdering:

Området er i dag lite brukt og blir drifta stort sett kun i sommarsesongen knytt til grønt vedlikehald. Ein utleige av området til Eid småbåteigarlag som ønskjer å etablere ein gapahuk for bruk til ålmenta er etter kommunedirektøren si vurdering eit positivt tiltak som vil medverke til å løfte området og bidra til at fleire nyttar området til rekreasjon.

Tiltaket vil gje innbyggjarar eit anlegg som kan vere ein møteplass for alle og fungere som eit turmål for alle i alle aldrar. I dag er området ofte nytta av barnehagar og skular. Området som ligg i nærleiken av sentrum vil også gje tilreisande ein moglegheit til å kome nærare elva og sjølivet som har relativ stor aktivitet i området.

Det er i avtalen ikkje lagt opp til kostnader for kommunen då kostnader til tiltaket i sin heilskap vert tatt av båteigarlaget. Vedlikehald vert også tatt av båteigarlaget.

Det er i dag eit renovasjonspunkt i båthamna som vert drifta av kommunen. Dette vil ligge til kommunen i det vidare slik det er organisert i dag.

Løyve til å sette opp ein gapahuk må avklarast/handsamast av Plan og forvaltning. Båteigarlaget står sjølve for avklaring og søknad før ein eventuelt kan utføre tiltaket.

Avtalen er på 10 år og ved avslutning skal området tilbakeførast som det er i dag, eller at kommunen overtar påståande anlegg kostnadsfritt.

Kommunedirektøren vurderer initiativet som positivt og tilrår å godkjenne avtalen om leige av grunn til Eid småbåteigarlag.

Vedlagt er signert leigeavtale frå Eid småbåteigarlag.

Økonomisk berekraft:

Saka har ingen økonomiske konsekvensar for kommunen.

Sosial berekraft:

Anlegget som er tenkt oppført skal vere opent for allmenta og legg til rette for aktiv bruk av området til rekreasjon.

Tilkomsten er enkel frå elvestien og langs den offentlege vegen til elveosen. Dette gjer at området vil ha universell tilkomst.

Miljømessig berekraft:

Det miljømessige aspektet her vil vere av liten grad, men heller legge til rette for tilgang til naturen og sjølivet.

Tiltaket er ikkje tilknytt vatn eller avløp, og vil ikkje medføre endring for overvatn/avrenning.

Området er i dag regulert til friområde og vil fungere som dette også etter at tiltaket er etablert.

